



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Levekårsundersøkinga

Møre og Romsdal 2021

Eit samarbeid mellom Møre og Romsdal Idrettskrets,
Møre og Romsdal fylkeskommune og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal





Statsforvaltaren i Møre og Romsdal



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Forord

Satsing på gode levekår, å førebyggje uønskt utvikling og sikre god helse, er eit av samfunnet sine viktigaste ansvarområde. Dei fleste kommunane i landet planlegg no med tanke på å bygge robuste berekraftige kommunar som har både ein økonomisk, ein miljømessig og ein sosial dimensjon, i tråd med FN sine berekraftsmål. I dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging for 2019-2023 legg regjeringa vekt på at både staten, regionane og kommunane skal arbeide for å skape ei berekraftig samfunnsutvikling, sikre sosial rettferd og god folkehelse.

God helse, høg trivsel og god livskvalitet er ikkje berre eit resultat av individuelle forhold og levevanar, men vert også påverka av levekår og strukturelle forhold som inntekt, arbeid, oppvekst, utdanning, bo- og nærmiljø. Det krevst brei kunnskap om lokale forhold når ein skal planlegge målretta.

Vi håper denne undersøkinga kan vere eit godt supplement til dei kartleggingane, tal og statistikk kommunane allereie har. Ved å jobbe helsefremmande og førebyggjande og tverrfagleg innanfor alle samfunnssektorar kan vi legge til rette for gode og berekraftige liv.

Berit Brendskag Lied

Ass. statsforvaltar

Gunn Randi Seime

Ass. fylkeskommunedirektør

Roar Lervik

Org.sjef Møre&Romsdal Idrettskrets

Molde, 02.05.2021



Innhold

1. Innleiing.....	4
Kommuneundersøking – opplegg og gjennomføring.....	5
Oppsummering	6
2. Folkehelse og planarbeid	7
3. Medverknad	11
4. Bustad og nærområde.....	16
5. Helse.....	29
6. Sosiale skilnader	32
7. Frivilligheit og kultur.....	36



1. Innleiing

FNs 17 berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Dei blei vedtatt i 2015 og det er mindre enn ti år til måla skal vere oppnådd. Regjeringa har sett i gang eit arbeid med ein nasjonal handlingsplan som kjem som eiga stortingsmelding våren 2021.

Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til menneske som lever i dag, utan å øydelegge moglegheitene for framtidige generasjonar. Dei 17 berekraftsmåla reflekterer dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling: klima og miljø, økonomi og sosiale forhold. ([FNs berekraftsmål](#))



Eit samfunn prega av tillit, tryggleik, tilhørslse og tilgang til godar som arbeid, utdanning og gode nærmiljø er avgjerande moment for å skape eit sosialt berekraftig samfunn. Fram til i dag har sosiale forhold fått mindre merksemd enn miljø og økonomi i FNs berekraftsmål. Men dei tre dimensjonane er gjensidig avhengig av kvarandre og FN er tydeleg på at sosiale forhold er ein nødvendig del av berekraftsmåla.

I samband med utarbeiding av dei kommunale planstrategiane har mange kommunar utarbeidd ei skriftleg oversikt over folkehelsa, for å identifisere kva som hemmar og kva som fremmer utvikling av god helse. Desse vil gi ein god peikepinn på kva slags område ein bør satse på dei neste åra for å bygge eit sosialt berekraftig samfunn. For å få meir kunnskap på tvers av fagområde om situasjonen i kommunane inviterte Møre og Romsdal Idrettskrets, Møre og Romsdal fylkeskommune og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal alle kommunane i fylke til å delta i ei spørjeundersøking.



Spørsmåla var knytt til seks tema:

- Folkehelse og planarbeid
- Medverknad
- Bustad/nærområde
- Helse
- Sosiale skilnader
- Frivilligheit og kultur

Gjennom undersøkinga ønskte vi å få ei oversikt over utvalde levekårrområde for å identifisere faktorar som direkte eller indirekte påverkar helsa på desse områda. Målet er at kunnskapen undersøkinga gir, vil hjelpe både kommunane og oss til å gjere konkrete prioriteringar og å vere meir målretta i innsatsen på dei områda som treng ekstra merksemd.

Kommuneundersøking – opplegg og gjennomføring

Undersøkinga er ei Questbackundersøking, gjennomført i perioden 20. november 2020 til 1. februar 2021. Invitasjonsbrev med lenke til elektronisk spørjeskjema vart sendt ut på e-post til alle dei 26 kommunane i fylket, via postmottak. Brevet var stila til kommunedirektøren, og vi anbefalte å løyse oppgåva på leiarnivå. Det er gjennomført to purringar i løpet av perioden. Invitasjonsbrev og spørjeskjemaet er lagt ved rapporten.

Vi har valt ut tema på bakgrunn av nasjonale føringar og satsingar, til dømes bustad og folkehelse, I tillegg har vi stilt spørsmål knytt til område vi som initiativtakarar ønskte meir kunnskap om, til dømes medverknad og involvering av frivillige organisasjonar. Det var eit mål å gjere undersøkinga så enkel og kortfatta som mogleg. Samstundes var det fleire tema vi skulle ha svar på som gjorde det utfordrande å avgrense tal på spørsmål. Questbacken enda opp med 49 spørsmål fordelt på dei seks tema, nemnt over.

Ved utforminga av spørsmåla ønskte vi ikkje å innhenta svar i tekstformat, og har derfor i stor grad nytta skaleringsvar frå ein til seks. Vi vurderte at ei slik form vil gjere det lettare for kommunen å svare og samstundes gi eit meir oversiktleg materialet for bearbeiding.

Spørsmål til undersøkinga vart utforma av representantar frå Statsforvaltaren, Møre og Romsdal fylkeskommune og Møre og Romsdal idrettskrets.

Det er 14 av 26 kommunar som har svara på undersøkinga, flest av desse er på Sunnmøre og i Romsdal. Av dei tre største kommunane i fylket er det to som har svart. I teksten vil utvalet av kommunar synleggjerast både i prosent og i tal på kommunar. Sjølv om vi i invitasjonsbrevet utfordra kommunane om å bruke kommunen si tverrfaglege leiargruppa som panel for å svare på spørsmåla, har vi ikkje oversikt over kven som har svart. Vi veit derfor ikkje på kva slags kunnskapsgrunnlag svara er tufta på. I dialog med nokre av kommunane undervegs i undersøkinga ser vi at folkehelsekoordinator har hatt ein sentral rolle.



Kvart av dei seks tema har fått eit eige kapittel i rapporten. Vi har valt å i størst mogleg grad gjengi grafane knytt til kvart spørsmål og knytt ein kommentar til dette. Vi håper det gir god oversikt og gjer rapporten lett å lese og finne fram i. På slutten av kvart kapittel har vi eit punkt med tilrådingar ut frå det vi ser er utfordringsbilete. Vi har avslutningsvis i kapitla lagt til nokre referansar og lenker som støtter opp under temaet og som kan vere nyttig for vidare arbeid.

Oppsummering

Undersøking vart sendt ut i november 2020, i ei tid då kommunane har hatt stadige pålegg om rapporteringar knytt til pandemien. Likevel er det 14 kommunar som har tatt seg tid til å svare på undersøkinga. Kommunane som har svara er Aukra, Averøy, Fjord, Giske, Herøy, Hustadvika, Molde, Rauma, Sande, Stranda, Sula, Tingvoll, Ulstein og Ålesund. Vi er takksame for den informasjonen dei har gitt.

Vi ser av dei svara vi har fått at kommunane i stor grad er merksame på behovet for å arbeide langsiktig og systematisk med folkehelse og at barn og unge har ei tydeleg prioritering i dei fleste kommunane. Nesten alle kommunane som har svart seier dei har ei ordning for å gi eit tilbod på fritida til barn og unge som av sosiale og økonomiske årsaker ikkje deltar i fritidsaktivitetar.

På spørsmål om helsetilbodet til barn og unge, ser vi at det er varierende i kva grad helsestasjonane har tilgang på andre fagressursar enn helsesjukepleiar. Men kommunane vurderer likevel at dei jobbar i tråd med nasjonale rettleiarar knytt til helsestasjon og skolehelsetenesta.

Barn og unge sin representant, saman med frivillige organisasjonar blir inkludert i høyringsprosessar. Samstundes ser vi at dei i mindre grad er med i ein tidleg fase av medverknadsprosessane der sjansane for å verke inn på prosessane er langt større.

Dei fleste har anlegg som er lagt til rette for eigenorganisert aktivitet, og mange har ein plan for uteområde særskilt rundt skolane. Bustadsosial planlegging ser ut til å vere eit område med eit forbettringspotensiale, noko kommunane sjølv har tatt inn over seg. Nesten alle kommunane ville ha ein gjennomgang av kommunale bustadtilbodet i næraste framtid. Dei fleste svarar positivt på at dei har eit tydeleg perspektiv i sine planar for å utjamne sosiale skilnader i samfunnet. NAV er ikkje i stor grad ein samarbeidspart i den kommunale innsatsen på dette området, sjølv om dei har eit uttalt ansvar for å betre levekåra og legge til rette for aktivitet og inkludering.

På bakgrunn av tal kommunar og geografisk spreiding på kommunane som har svart, kan vi ikkje generalisere for alle kommunane. Vi meiner likevel rapporten gir ein god peikepinn på korleis status er i fylket vårt på dei utvalde levekårsområda. Kommunekartlegginga er eit supplement til anna statistikk på ulike område, og bør sjåast i samheng med kommunane sitt eige planarbeid samt kommunane sitt eige kunnskapsgrunnlag.

Vi håper både kommunane og regionale aktørar kan nytte rapporten til å støtte opp under ein felles innsats for betre levekår i Møre og Romsdal.




2. Folkehelse og planarbeid

Folkehelselova skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid og skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremmar helse og jamnar ut sosiale helseforskjellar.

Som eit grunnlag for folkehelsearbeidet skal kommunane ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorane som kan påverke ho. Kvart fjerde år skal kommunen utarbeide eit skriftleg oversiktsdokument som ein del av kunnskapsgrunnlaget for planstrategien.

Kommunen skal særleg vere merksam på trekk ved utviklinga som kan skape eller oppretthalde sosiale- eller helsemessige problem eller sosiale helseforskjellar. Gjennom sitt arbeid med kommuneplanar etter plan- og bygningslova skal kommunen fastsette overordna mål og strategiar for folkehelsearbeidet. (Jf. folkehelselova §5 og 6).

Det er tette koplingar mellom planarbeid og folkehelsearbeidet. Figuren under synleggjer dette.




Kjelde: Kommunetorget

Folkehelselova legg til rette for eit systematisk og langsiktige folkehelsearbeid. Det er derfor naturleg å spørje om:




Har kommunen etablert eit systematisk og langsiktig folkehelsearbeid, for å motverke sosiale helseforskjellar? (Jf. folkehelselova og plan- og bygningslova) (N=14)



Kommunekartlegginga viser at ingen av kommunane har verken i “svært liten grad” eller “svært stor grad” etablert eit systematisk og langsiktig folkehelsearbeid. 43 prosent av kommunane som svarte på undersøkinga har plassert seg på 4 på skalaen, medan 29 prosent har plassert seg på 5. Å få på plass eit systematisk og langsiktig folkehelsearbeid for å motverke sosiale helseforskjellar er eit omfattande arbeid som både krev god forankring, prioritet og arbeid på tvers av sektorane.

Folkehelselova § 5 stiller krav om at kommunane skal ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverkar helsa.


Har kommunen laga eit skriftleg oversiktsdokument som identifisere folkehelseutfordringar i kommunen? (jf. folkehelselova § 5) (N=14)



Kravet om eit skriftleg oversiktsdokument knytt opp mot prosessane i plan- og bygningslova (planstrategi, planer og tiltak), kom når folkehelselova trådte i kraft i 2012. Ut i frå at det er fleire år sidan lovkravet kom, er det ei forventning om at kommunane har dette på plass i 2020. To av kommunane i undersøkinga (14,3 prosent), har ikkje eit skriftleg oversiktsdokument.



I kva grad har kommunen ein samla innsats på tvers av sektorane for å sikre gode oppvekstvilkår for barn og unge (0-24 år)? (N=14)



For å sikre barn og unge gode oppvekstvilkår, er det viktig med samla innsats på tvers av teneste og fagområde. Barn og unge oppheld seg på ulike arenaer og samordning og koordinering mellom tenestene er sentralt. Halvparten (50 prosent) av kommunane har plassert seg på 4 på skalaen, medan 36 prosent av kommunane ligg på nest høgaste nivå (5) på skalaen. Meir urovekkande er det at ein og finn ein kommune på nivå 2 og ein kommune på nivå 3.

Har de utfyllande kommentarar til temaet "folkehelse og planarbeid"?

I kartlegginga ble kommunane spurd om dei har utfyllande kommentarar til temaet "folkehelse og planarbeid". Av utfyllande kommentarar ser vi at noko av det systematiske arbeidet er på plass, men samstundes viser fleire kommunar til at dei må jobbe meir strukturert med oppfølging av oversiktsdokumentet i strategiar, planer og tiltak. Andre kommunar viser til eksisterande fora og pågåande arbeid for å få på plass fora knytt til arbeid på tvers av sektorane.

Utdrag frå svara:

- Folkehelsekoordinator er medlem i planforum som samordnar og gjennomfører overordna planarbeid.
- Folkehelse er "gjennomgåande perspektiv" i kommuneplanen sin samfunnsdel. Folkehelse er også tema i fleire av dei kommunale delplanane.
- Nylig vedtatt ny samfunnsdel og jobber med å få på plass gode system for systematisk arbeid. Pågår arbeid med folkehelsestrategi.
- I forhold til systematisk og langsiktig; Vi har kunnskapsgrunnlaget på plass, men kunne jobbet mer strukturert med oppfølging av rapport og utforming av tiltak



- Vi har rimelig gode kartlegginga innan ulike tenesteområder, dette er pr i dag ikkje godt nok samordna i planverket."
- Det jobbes med å formalisere samarbeidet mellom sektorene som jobber med barn og unge.

Tilråding:

Kunnskap bør ligge til grunn for både politikktutforming og praksis innanfor folkehelsearbeidet. Gjennom god bruk av oversikt over folkehelsa i plansamanheng, og i ulike samanhengar på tvers av sektorane vil kommunane få eit betre grunnlag for;

- avgjerder retta mot det "daglege" folkehelsearbeidet
- avgjerder i samband med langsiktig planlegging

På denne måten vil kommunane kunne jobbe meir målretta både på kort og lang sikt for å løyse folkehelseutfordringane og ta i bruk ressursane lokalt, i tråd med folkehelselova og plan og bygningslova.

Relevante lenker og litteratur:

- Helsedirektoratet sin rettleiar om systematisk folkehelsearbeid:
<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/systematisk-folkehelsearbeid>
- Meld.St.19 (2018-2019) [Folkehelsemeldinga – Gode liv i eit trygt samfunn](#)
- Møre og Romsdal fylkeskommune: [Oversikt over folkehelsa i Møre og Romsdal 2019](#)



3. Medverknad

Medverknad er eit av dei grunnleggande prinsippa for folkehelsearbeidet. Medverknad gir enkeltpersonar og grupper rett til å kunne delta og påverke planar og avgjerder. Gjennom medverknad kan innbyggjarane sjølve kan vere med på å planlegge framtida si, og dei blir gjort ansvarlege. Medverknad har også ein verdi i seg sjølv.


Medverknad er sentralt i plan- og bygningslova der det står at:

«Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private. Kommunen har et særlig ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte, skal sikres gode muligheter for medvirkning på annen måte».

Retten til medverknad for barn og unge er nedfelt i Barnekonvensjonen sin artikkel 12. Her blir det slått fast at: «Barnet har rett til å seie meininga si i alt som kjem det ved, og barnet sine meiningar skal det leggjast vekt på.»

I undersøkinga ønskte vi å få kjennskap til om kommunane legg til rett for at barn og unge sine interesser blir teke i vare på ein god måte.

Har kommunen ei særskilt ordning for å ivareta barn og unges interesser? (N=14)



Kommunekartlegginga viser at 86 prosent av kommunane har ei særskilt ordning for å ivareta barn og unge sine interesser, medan 14 prosent svarar at dei ikkje har ei slik ordning.

At nokon i kommuneorganisasjonen har eit særskilt ansvar for å sikre at barn og unge sine interesser blir ivareteke, er med på å sikre reell medverknad frå denne gruppa. I undersøkinga spurte vi om kommunane hadde peikt ut ein person som har dette ansvaret, og kor i organisasjonen denne personen er tilsett.



Om ja, har kommunen peikt ut ein person som har dette ansvaret? Kor i organisasjonen er denne personen tilsett?


Det varierer mellom kommunane kven ansvaret for å sikre at barn og unges interesser er lagt til, og kor denne personen er tilsett. Barne og ungdomsrepresentant utpekt av kommunestyret er eit svar som går igjen. I tillegg er ansvarleg for ungdomsråd, rådgivar folkehelse/folkehelsekoordinator, kultursjef og tilsett i stab nemnd. Kor i organisasjonen personen som har fått dette ansvaret er plassert, går ikkje så tydeleg fram av svara, men kulturavdeling, område oppvekst og kommunedirektøren si stabsavdeling er nemnd. Stillinga som folkehelsekoordinator ligg organisatorisk plassert ulike stader i kommuneorganisasjonen.

Kommunen skal legge til rette for samarbeid med frivillig sektor. Dette er forankra i folkehelselova § 4. Av folkehelsemeldinga går det fram at regjeringa vil leggje til rette for at frivillig sektor skal kunne delta i politiske prosessar. Mange kommunar har ein aktiv frivilligheitspolitikk og har utvikla eigne strategiar for samarbeid med frivilligheita.

Korleis involverer kommunen frivilligheita i planarbeidet?

Det kan inviterast til medverknad på fleire nivå. Ytterpunktta for involvering gjennom medverknad kan på den eine sida vere passiv informasjon til dømes gjennom media, til på den andre sida rett til å vere med å fatte vedtak.


Høyringar (N=14)



På spørsmålet om involvering skjer gjennom høyringar, så viser svara at heile 93 prosent av kommunane involverer frivilligheita i planarbeidet gjennom høyringar.



Oppstarts- og innspelsmøter (N=14)




Vidare så viser kommunekartlegginga at 79 prosent av kommunane involverer frivilligheita i planarbeid gjennom oppstarts- og innspelsmøter, medan 21 prosent ikkje involverer kommunane på denne måten.

Eventuelt andre måtar?

På spørsmålet om det er andre måtar kommunane involvera frivilligheita på, så blir følgjande andre medverknadsmåtar nemnd i svara frå kommunane; gjestebod, dialog kafé, barnetråkk, arbeidsmøte/arbeidsgrupper og sosiale media. Ein av kommunane i undersøkinga har eige kommunedelsutval sett saman av frivillige.

Vi er kjend med at kompetansenivået om medverknad varierer mellom kommunane. Med tanke på å kunne sette i verk tiltak for å høgne kompetansen, spurte vi om kommunane har nødvendig kompetanse for å sette i gong medverknadsprosessar.

Har kommunen nødvendig kompetanse for å sette i gong medverknadsprosessar? (N=14)





Tabellen syner at på ein skala frå 1 til 6, der 1 er svært låg kompetanse og 6 er svært høg kompetanse, så er det halvparten av kommunane som svarer at kompetansenivået er på 5 eller 6. Ingen av kommunane har plassert seg på dei to lågaste kompetansenivåa.

Kommunane blei også spurt om dei hadde utfyllande kommentarar til temaet "medverknad".

Har de utfyllande kommentarar til temaet "medverknad"?

Nokre av svara under viser døme på at det er kommunar med god kunnskap, medan andre kommunar treng å utvikle seg på området:

- Vi har tilsette med fagkunnskap knytt til prosessleiing med særleg fokus på reell medverknad. Ulike teknikkar vert brukt ut frå tema.
- Det er mange i organisasjonen som kan mye om medvirkning og som legger til rette for det.
- Kompetansen ang. brukermedverknad er god, men det kan vere ulike utfordringar å få til reell god medverknad i planprosessar.
- Vi har stort sett brukt dei mest kjente medverknadsprosessane i plansaker. Vi har nok for lite kompetanse i forhold til barn og unge- og grupper som er vanskelege å nå.

Det er også interessant å lese om kommunar som tenker å sette medverknadsarbeid meir i system og inn i strategiske føringar:

- Det pågår arbeid med fire hovedstrategier som vil sette fokus på innbyggermedvirkning.
- Utarbeidet maler for medvirkning i reguleringssaker.
- Årlig gjennomføring av barnetråkk skal inn i oppdragsbrevet til skolene.

Tilråding:

For å styrke lokaldemokratiet, få betre avgjerder og betre tenester til brukarane er det viktig å legge til rette for medverknad. For å lukkast med å skape framtida sine kommunar gjennom samskaping er medverknad sentralt.

For å sikre reell medverknad frå barn og unge er det viktig å:

- Legge til rette for medverknad på rett nivå frå barn og unge i alle saker som angår dei, både på system- og individnivå.
- Sikre kompetanse til dei som skal representere barn og unge i plansaker.

Frivillige organisasjonar spelar ein viktig rolle i folkehelsearbeidet. Å legge til rette for gode medverknadsprosessar i ein tidleg fase og utforme desse i saman med frivilligheita sjølve kan vere eit lurt grep.



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Relevante lenker og litteratur:

- Kommunal og moderniseringsdepartementet: [Medvirkning i planlegging. Veileder](#)
- Kommunal og moderniseringsdepartementet: [Barn og unge i plan og byggesak. Veileder](#)
- [Meld. St. 8 \(2018–2019\) Kulturens kraft- kulturpolitikk for framtida.](#)



4. Bustad og nærområde

Regjeringa, ved Kommunal og Moderniseringsdepartementet, har utarbeidd ein ny strategi for ein sosial bustadpolitikk «[Alle trenger et trygt hjem](#)» (2021-2024). Det er i dag 179 000 vanskelegstilte i bustadmarknaden, dette femner om ei lang rekkje personar med ulike utfordringar. Det er om lag 4000 personar i Noreg som er bustadlaus og 78 000 av dei 179 000 vanskelegstilte, er barn og unge under 20 år.


Regjeringa har klare målsettingar med denne strategien:

- Ingen skal vere bustadlaus
- Barn og unge skal ha gode bustadforhold
- Personar med nedsett funksjonsevne skal kunne velje kor og korleis dei vil bu

Som eit av fleire tiltak i denne strategien sender regjeringa ut på høyring ei ny bustadsosial lov. Med lovforslaget ønsker Regjeringa å tydeleggjere kommunane sitt ansvar med å legge til rette for bustader til vanskelegstilte grupper. Dette skal sikre at vanskelegstilte får hjelp med å skaffe bustad og skape eit meir likeverdig tilbod kommunane imellom. Regjeringa set med dette fokus på bustad som eit av dei viktige grunnleggjande behova til folk. Strategien tydeleggjer kommunane sitt ansvar og det er soleis viktig å få kartlagt kommunane i fylket sitt arbeid på dette området.

Gode uteområde og anlegg i nærleiken av der folk bur er viktig for å skape aktivitet og trivsel. I eit folkehelseperspektiv er alle tiltak som gjer at folk møtast og er aktive viktige. Kommunane legg til rette for slik aktivitet gjennom til dømes å opparbeide turstiar, idretts- og leikeanlegg. I denne undersøkinga gir kommunane tilbakemelding på korleis dei handterer dette viktige arbeidet.

Har kommunen tilstrekkeleg tilbod av gode bustadar til desse gruppene? (N=14)







Kommunane har svart på ein skala frå 1-6, der 1 er "I svært liten grad" og 6 "I svært stor grad". Diagrammet viser gjennomsnittstal for den enkelte gruppe.

Dei neste diagramma viser prosentvis fordeling på svarkategoriene for kvar av gruppene.

Sosialt vanskelegstilte barnefamiljar (N=14)




Personar med rusproblem og/eller psykisk lidning (N=14)






Eldre (N=14)



Personar med nedsett funksjonsevne (N=14)



Kommunane har best bustadtilbod til eldre, 61,5 prosent av kommunane har svart i dei to øvste kategoriane for denne gruppa. 7,7 prosent (1 kommune) av kommunane har svart at dei «I svært stor grad» har lagt til rette for eit bustadtilbod for eldre. For personar med rus- og psykiske lidningar er det meir variasjon i tilbodet og kommunane melder tilbake at dei ikkje har eit like godt tilbod for denne gruppa. 46,2 prosent av kommunane har svart i dei to nedste kategoriane, 7,7 prosent av kommunane har svart at dei «I svært liten grad» har eit tilstrekkeleg tilbod for denne gruppa. Situasjonen er noko betre for «vanskelegstilte barnefamiljar», for denne gruppa svarar 53,9 prosent av kommunane i kategori 4 og 5. For gruppa «personar med nedsett funksjonsevne» er det variasjon i svara, 61,6 prosent av kommunane har svart i kategori 4 og 5 medan 38,5 prosent av kommunane har svart i dei 2 nedste kategoriane.


Eventuelt andre grupper?

Det er få kommunar som har gitt tilbakemelding om andre grupper som blir følgt opp med eit bustadtilbod. Det blir i denne samanhengen gitt tilbakemelding frå ein kommune om at dei har eit lite



differensiert bustadtilbod i kommunen. Ein kommune viser til at det er stor mangel på midlertidige bustader for alle grupper i kommunen.

Er bustadsosiale omsyn drøfta i følgjande planar? (N=14)



Bustadsosiale omsyn er drøfta og tatt omsyn til i planverket til mange av kommunane i Møre og Romsdal. 71,4 prosent av kommunane har tatt omsyn til dette temaet i arealdelen og i kommuneplanen sin samfunnsdel. Om lag $\frac{3}{4}$ av alle kommunane i fylket har eigne temaplanar/kommunedelplanar der bustadsosiale forhold er tatt opp.

Temaplanar/kommunedelplan

Fleire kommunar viser til at dei har ei bustadsosial plan eller arbeider med utforminga av ein slik plan. Eit viktig fokus i desse planane er å etablere og tildele rett bustad til rett brukar.

Arealdel

Ein kommune viser til at dei i arealdelen tek omsyn til desse gruppene når dei held av område til offentlege føremål. Ein annan kommune har eit samarbeid med Husbanken og tre andre kommunar, med formål om å utvikle nye framtidige buformer for eldre.


Kommuneplanen sin samfunnsdel

Det er kommunar som nemner at dei tek opp bustadsosiale forhold i samfunnsdelen av kommuneplanen og har ein kopling opp mot ein eigen bustadsosial handlingsplan.

Ein annan kommune viser til at dei har eigen temaplan der bustadtilbodet til sårbare grupper blir tatt opp. Andre kommunar viser til at dei har utarbeidd overordna mål og strategiar for dette arbeidet.



Har kommunen planar om ein gjennomgang av det kommunale bustadtilbodet i nær framtid? (N=14)



Heile 85,7 prosent av kommunane gir tilbakemelding om at dei i nær framtid vil ha ein gjennomgang av det kommunale bustadtilbodet. Regjeringa sin nye strategi og høyring på ein ny bustadsosial lov, kan vere årsaka til at mange kommunar no ønskjer å ha ein gjennomgang av sitt tilbod.


Har kommunen rutinar/retningslinjer for korleis bustadsosiale omsyn skal ivaretakast i arealplanlegginga?

Kommunane måtte vurdere følgjande forhold:


- Bustadstorleik
- Uteareal
- Universell utforming
- Bustadar for eldre
- Andre grupper med særskilte behov
- Tilgang til transport
- Tilgang til servicetilbod




Krav til bustadstorleik (N=14)



Uteareal (N=14)




Universell utforming (N=14)







Bustadar for eldre (N=14)



Andre grupper med særskilte behov (N=14)




Tilgang til transport (N=14)






Tilgang til servicetilbod (N=14)



Tett kopling mellom kommuneplanens samfunns- og arealdel er viktig. Mellom anna vil kommuneplanens samfunnsdel kunne innehalde ein overordna arealstrategi som gir klare rammer og føringar for seinare oppfølging gjennom kommuneplanens arealdel. Mange av kommunane er i arealdelen flinke til å ta omsyn til utearealet og at bustadane skal vere universelt utforma. Kommunane tek, i følgje tilbakemeldingane, ikkje like mykje omsyn til tilgjengeleg transport, bustadstorleik og tilgangen til servicetilbod i si arealplanlegging. Berre halvparten av kommunane som har deltatt i undersøkinga, har i arealdelen tatt høgde for bustadar til eldre og andre grupper med særskilte behov.

Har kommunen ein standard for utviklinga av uteområde rundt ... (N=14):




Det er 42,9 prosent av kommunane som svarer at dei har ein standard for utviklinga av uteområda ved skular og barnehagar. Litt fleire av kommunane, 57,1 prosent, har utvikla ein standard for opparbeiding av leikeplassar. Ved å utvikle ein standard sikrar kommunane at det ikkje blir store forskjellar i tilbodet i ulike delar av kommunen og like viktig er at det er lettare å sikre at ein følgjer




opp nasjonale retningslinjer og føringar for utviklinga av slike område. Det er til dømes strenge krav til underlaget og utforminga av grunnen der eit leikeapparat skal stå.

I kva grad legg kommunen til rette for eigenorganisert aktivitet i kommunale anlegg? (N=14)



Kommunane som har svart på undersøkinga ser ut til å leggje godt til rette for aktivitet i kommunale anlegg. Av kommune svarar 85,7 prosent i dei tre øvste kategoriane, 14,3 prosent (2 kommunar) av desse meiner at dei «I svært stor grad» legg til rette for eigenorganisert aktivitet i dei kommunale anlegga i kommunen.


Har kommunen søkt om spelemidler til nærmiljøanlegg for å utvikle uteområde på skulane i kommunen? (N=14)





Alle kommunane gir tilbakemelding om at dei har søkt om spelemidlar for å utvikle nærmiljøanlegg i tilknytning til skulane i si kommune. Det er med andre ord ei tilskotsordning som er godt kjent og som blir brukt av kommunane i fylket.


Er universell utforming ivaretatt som eit gjennomgåande perspektiv i kommunen sitt planarbeid? (N=14)



Trass i at det har over tid har vore fokus på universell utforming både knytt til bygg og uteområde, er det likevel ikkje dei fleste kommunane som har dette som eit gjennomgåande perspektiv i sitt planarbeid. 14,3 prosent av kommunane har svart at dei «i svært stor grad», har dette som eit gjennomgåande perspektiv i sine planar. På den andre sida ser vi at 42,8 prosent har valt verdiane i det den midtre delen av skalaen. Det er med andre ord litt ulikt i kor stor grad universell utforming blir lagt vekt på i dei kommunale planane.




I kva grad har kommunen møteplassar/anlegg som tilrettelegg for fysisk aktivitet for desse gruppene? (N=14)



Respondentane har svart på ein skala frå 1-6, der 1 er "I svært liten grad" og 6 "I svært stor grad". Diagrammet viser gjennomsnittstal for den enkelte gruppe.


Dei neste diagramma viser prosentvis fordeling på svarkategoriane for kvar av gruppene.

Rullestolbrukarar (N=14)







Tilkomst med barnevogn (N=14)



Blinde og svaksynte (N=14)



Andre former for funksjonsnedsetting(N=14)



På spørsmålet om i kva grad kommunen har lagt til rette for møteplassar/fysisk aktivitet for ulike grupper, er tilbakemeldinga at det er personar med barnevogn og rullestolbrukarar det er best lagt til rette for. For gruppa blinde og svaksynte er situasjonen ein heilt anna, for denne gruppa svarar 50 prosent av kommunane på dei to nedste kategoriane. Så mykje som 35,7 prosent av kommunane melder tilbake at dei «I svært liten grad» har lagt til rette for møteplassar som er tilpassa gruppa blinde og svaksynte.



Tilråding:

Regjeringa har med sin nye bustadstrategi og utforminga av ei bustadsosial lov, sett eit viktig fokus på bustad til utsette grupper. Tilbakemeldingane frå kommunane i fylket viser at det er variasjon i tilbodet til dei ulike gruppene i kommunane. Dette er eit viktig område for kommunane å følgje opp vidare. Det er positivt at alle kommunane som har svart på undersøkinga, vil ha ein gjennomgang av sitt bustadtilbod i næraste framtid.

Relevante lenker og litteratur:


- [Veileder for utforming av barnehagens utearealer](#)
- [Uteområder i barnehage og skole](#)
- [Rettleiar for leike og aktivitetsområde i Volda kommune](#)
- [Leikeplassar – Statsforvaltarens råd i plansaker](#)



5. Helse

Art. 24 i Barnekonvensjonen viser til barn sin rett til helsetenester. Alle land er forplikta til å yte helsehjelp med den høgast oppnåelege helsestandarden. I dette ligg både eit behandlande perspektiv, men også ei førebyggjande tenking. Barndom og ungdomstida er viktig fordi ein her legg grunnlaget for eit vaksenliv med god livskvalitet og helse. Kommunane har ansvar for å yte helsetenester til alle innbyggjarar og skal legge til rette for helsefremmande og førebyggjande tenester. I loven er helseteneste i skole, helsestasjonsteneste og svangerskap- og barselomsorg særskilt nemnd. Skal kommunen gi forsvarlege tenester på desse områda krev det både nødvendig kompetanse og ressursar.

Har kommunen nokon av følgjande profesjonar i helsestasjonen/skolehelsetenesta? (N=14)



I undersøkinga har vi spurt kommunane om kva slags profesjonar dei har i helsestasjon og skolehelseteneste. Alle kommunane som var med i undersøkinga seier dei har lege, jordmor og helsesjukepleiar som ein del av sitt helsetilbod til barn og unge. Når det gjelde faggruppene psykolog, ergoterapeut og fysioterapeut er det meir varierende om kommunen har slik kompetanse knytt til helsetenestene til barn og unge. Alle desse er profesjonar kommunen skal ha i tilgang på jf. Lov om helse og omsorgstenester. Som vi ser av diagrammet over er det av desse fysioterapeut som er hyppigast representert av dei lovpålagde yrkesgruppene. Tre av fire av kommunane melder dei har fysioterapeut, medan under halvparten har ergoterapeut og ikkje meir ein tredel har psykolog.

Mange undersøkingar, mellom anna UngData, viser at mange ungdommar slit med si psykisk helse. At det då er lav tilgang på psykologar i kommunane er utfordrande for å kunne gi ungdom nødvendige helsetenester så tidleg som mogleg.

Vi bad kommunane oppgje kor stor stillingsprosent som var knytt til kvar av profesjonane som var lista opp. Det var ikkje alle kommunane som svarte på dette spørsmålet. Av dei svara vi fekk ser vi at det er




stor variasjon mellom kommunane kor stor stillingsressurs dei har. Dette heng som oftast saman med størrelse på kommunen.

Ikkje uventa var det størst stillingsressurs knytt til helsesjukepleiarar i kommunane. Ingen av kommunane har mindre enn 200 prosent stilling. To av kommunane har også tilsett helsesjukepleiarar på prosjekt i tillegg til dei faste stillingane. Når det gjeld jordmor er det berre tre av dei som svara, som kan vise til at dei har ei heil stilling eller meir. Dei resterande varierer mellom 20 til 80 prosent. Ingen melder om høgare stillingsprosent enn 140 prosent.

Legeressurs varierer frå 5 til 50 prosent. Ein kommune melder at legetenesta er tilgjengeleg etter behov, ikkje med fast stillingsprosent. Når det gjeld fysioterapeut vert det vist til ein variasjon i stillingsprosent frå 7 til 50. Berre to kommunar svarer på tilgang på psykolog, ein av dei med ei halv stilling og ein med ei heil stilling. Ergoterapeut er det berre ein kommune som viser til. Dei har 10 prosent stillingsressurs. Ein annan kommune viser til at dei nett har lyst ut ei slik stilling.

I kommentarfeltet skriv ein kommune at dei nyttar tenester frå andre einingar internt eller frå interkommunalt samarbeid. Ein annan kommune melder at dei har lyst ut stilling som psykolog, men at dei ikkje mottar søknader på stillinga. Det er ei utfordring som er kjend. Sjølv om kommunen har økonomisk moglegheit til å opprette stillingar, er det på mange fagområde vanskeleg å få tak i kvalifiserte søkjarar.

Arbeider kommunen i tråd med nasjonale faglege retningslinjer på helsestasjon- og skolehelsetenesteområdet? (N=14)



Alle kommunane svarar dei arbeider i tråd med nasjonale faglege retningslinjer på helsestasjon- og skolehelsetenesteområdet i stor grad eller i svært stor grad. Vi ser at det på direkte spørsmål kan vere vanskeleg for kommunane å svare nei på at dei følgjer nasjonale krav til tenestene.

For å nansere dette svaret har vi bedt om kommentarar på kva som hindrar kommunen å følgje retningslinjene. Sjølv om alle som svarar meiner dei følgjer retningslinjene, vert det peika på nokre utfordringar. Mellom anna vert det formidla at det er utfordringar med kapasitet og ha nok ressursar. Ein kommune viser til at styrkingsmidlane frå staten er grunnen til at dei evnar å fylle opp norma.



Utfordringar knytt til kapasitet og ressursar har også kome fram i tidlegare undersøkingar, mellom anna i rapporten [Barnebyks](#) som vart gjennomført i 2015-2016. Mange oppgåver vert lagt til helsesjukepleiar, men dei opplev ikkje at det er nok kapasitet til å utføre dei. (Barnebyks, 2016)

Tilråding:

Knappe ressursar er eit svar som ofte kjem opp når ein skal vurdere helsetenester til barn og unge. Det er for mange oppgåver knytt til for få stillingar. Nokre kommunar viser til interkommunalt samarbeid og andre viser til intern utnytting av ressursar. Det vert frå mange faglege hald vist til at sterkare fagmiljø med høg kompetanse kan vere eit verktøy for å sikre fagressursar i kommunane. Vi vil oppmode kommunane om i enda større grad sjå på samarbeid på tvers både av fag og kommunar (<https://www.ks.no/fagomrader/barn-og-unge/grunnskole-og-sfo/ppt-og-systemrettet-arbeid/tverrfaglig-samarbeidsstruktur/>)

I pandemitid har vi lært mye om digital oppfølging av tenester. Nokre av oppgåvene kan truleg vidareførast som digitale, som kan frigi ressursar på andre område.

Det er få kommunar i undersøkinga som viser til at dei har kommunepsykolog. Med tanke undersøkingar som viser til at fleire og fleire ungdommar slit med si psykiske helse, vil behovet for psykologkompetanse i kommunane auke. Under pandemien ser vi tydeleg at denne behovet for hjelp er stigande. Vi vil oppmode kommunane om å sjå på ulike løysingar for å ta i vare tilbodet om psykisk helsehjelp til dei unge. Vi viser i den samanheng til [Opptappingsplan for barn og unge psykisk helse](#).

Relevante lenker og litteratur:

- Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (2016): [Barnebyks](#)
- [Buf-dir om barnevernsreformen](#)
- [Nasjonal faglig retningslinje helsestasjon og skolehelsetjeneste](#)
- Prop. 121 S (2018–2019): [Opptappingsplan for barn og unges psykiske helse \(2019–2024\)](#)
- Helsedirektoratet: [Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge. Nasjonal faglig retningslinje](#)
- [Nasjonale faglig retningslinje svangerskapsomsorgen](#)



6. Sosiale skilnader

Sosiale skilnader i helse er knytt til rettferdig fordeling av ressursar og har innverknad på menneske si moglegheit til å velje. Å gi alle lik rett til velje i eit samfunn handlar om verdiar og korleis ein ser på både menneske og samfunnet. Tiltak for utjamning krev at innsatsen blir retta inn mot dei faktorane som fører til skilnadar, og legge til rette for at den enkelte skal ha høve til å ta gode val. Det vil vere behov for ein kombinasjon av universelle ordningar retta mot alle og målretta tiltak mot spesielt utsette grupper. Tiltak må settast inn så tidleg som råd for å stoppe ei negativ utvikling.




FHI 2016 (<https://www.fhi.no/hn/folkehelse/artikler/utjevning-av-sosiale-helseforskjell/>)

Fattigdom er eit samfunnsproblem og tal på barnefamiliar som er fattige (under 60 prosent av medianinntekt i tre år eller meir) har auka blant barnefamiliar i Norge dei siste åra. Dette i ein periode der tal på fattige har vore stabilt. Det betyr at fleire av dei som er definert som fattige er barn. Over halvparten av desse barna er i familiar med innvandrarbakgrunn. Å leve i fattigdom over tid gir barn og unge færre moglegheiter til å velje. Det vil ha ein negativ utvikling på sikt og vi veit at fattigdom ofte går i arv.

Som det kjem fram av tabellane har vi stilt tre spørsmål knytt til korleis kommunen legg til rette for å sette desse utfordringane på dagsorden på systemnivå. Eit spørsmål er knytt til ordningar for barn og unge og to knytt til rutinar for kommunen si planlegging.




Har kommunen ordningar for barn og unge, som av sosiale og økonomiske årsaker ikkje deltar i fritidsaktivitetar? (N=14)



Alle så nær som ein av kommunane svarar at dei har slike ordningar. Det er svært positivt at kommunane har lagt til rette for barn og unge si deltaking i eit aktivt fritidsmiljø. For å få eit innblikk i kva desse tiltaka kan vere, stilte vi spørsmål om kva slags ordningar kommunen har. Det er knytt nokre kommentarar til kva kommunen har sett i gang for å sikre barn og unge si deltaking i fritidsaktivitetar. Mellom anna vert det vist til Kontantkassa, utstyrssentralar, integreringstiltak, samarbeid med NAV, sosialtenesta, barneverntenesta for å dekke utgifter, ferietiltak for å nemne nokre. Vi har ikkje tal på kor mange barn som er involvert i ordninga og korleis kommunen vurderer effekten av tiltaka.

Arbeider kommunen målretta for å utjamne sosiale skilnadar gjennom sitt planverk? (N=14)




Meir enn 80 prosent av kommunane som har svart meiner kommunen jobbar målretta med sosiale skilnader i planverket sitt. Gjennom kommunale planer både fylkeskommunen og Statsforvaltaren mottar for uttale, ser vi at dei fleste kommunar legg FN sine berekraftsmål til grunn når dei utarbeider planstrategi og samfunnsdel. Dei tre dimensjonane klima, økonomi og sosiale berekraft skal då vere retningsgivande. Tidlegare i undersøkinga (sjå side 7) har vi spurt om kommunen har etablert eit systematisk og langsiktig folkehelsearbeid, for å motverke sosiale helseforskjellar. På dette spørsmålet er



kommunane litt meir forsiktig og svaret er ikkje så eintydig positivt. Dette er område som er nært knytt saman. Det krev god forankring og systematisk arbeid over tid på tvers av sektorane om ein skal oppnå resultat for å utjamne sosiale skilnader .

I kva grad har NAV ei tydelig rolle i det kommunale planarbeidet for å bidra til å utjamne sosiale skilnader? (N=14)



I lov om sosiale tenester er det slått fast at NAV skal ha oversikt over levekår, førebygge sosiale problem, samt gi råd og delta i utarbeiding av kommunale planar. (Sosialtenestelova §§12 og 13). Om lag halvparten av kommunane som har svara inkluderer ikkje, eller i liten grad, NAV når dei skal lage strategiar for å utjamne sosiale skilnader. NAV har mykje kunnskap om situasjonen for mange innbyggjarar som scorar lågt på mange av indikatorane på levekårsstatistikkane. At denne kunnskapen ikkje blir tatt i bruk kan føre til at utfordringane ikkje blir tatt tak i og negative trendar får utvikle seg.

Tilråding:

Barn og unge som veks opp med låg inntekt møter mange utfordringar som skaper sosiale skilnader, knytt til både auka helseutfordringar og ei negativ utvikling på fleire levekårsområde. Vi veit og at fattigdom og sosiale ulikskap ofte vert overført til neste generasjon. Skal ein hindre negative konsekvensar, må kommunane jobbe samordna og det krev innsats frå fleire politikkområde. Også innsats frå offentleg, frivillig og privat sektor er nødvendig. Vi vil oppmode kommunane om å nytte seg av oversiktsarbeidet knytt til folkehelselova som og er vist til i kapittel 1 i undersøkinga for å kartlegge utfordringar. Berre gjennom god oversikt over utfordringane og målretta innsats vil ein kunne snu ei mogleg negativ utvikling.

Mange kommunar tar med kunnskap og informasjon frå NAV når dei utarbeider sine oversiktsdokument. Det er heilt nødvendig for å kunne møte dei utfordringar som påverkar befolkninga si levekår som påverkar helsa. Fleire av kommunane bør i større grad tydeleggjere dei utfordringane NAV ser i samband med sosiale skilnader. NAV fangar opp andre samfunnsproblem enn dei ein kan finne innanfor helse og omsorg og utdanningssektoren, og kan gi kommunane eit meir heilskapleg utfordringsbilete.

Frivillige organisasjonar, KS og regjeringa signerte Fritidserklæringa 7. juni 2016. Målet er at alle barn og unge, uavhengig av foreldreøkonomien, skal kunne delta jamleg i fritidsaktivitetar. Erklæringa byggjer på



FNs barnekonvensjon, som seier at barnet har rett til kvile og fritid og til å delta i lek og fritidsaktivitetar som passar for alderen til barnet. Stadig fleire kommunar ser nytten av samarbeid mellom organisasjonar og kommunar om å få fleire barn med i fritidsaktivitetar.

Relevante lenker og litteratur:

- [Ungdata.no](https://ungdata.no)
- [Den nasjonale folkehelseundersøkelsen](#)
- [Barne-, unge og familiedirektoratet. Statistikk og analyse](#)
- [Møre og Romsdal. Fylkesstatistikk](#)
- [Folkehelseinstituttet. Fokkehelseprofiler og oppvekstprofiler](#)
- Regjeringens samarbeidsstrategi for barn og ungdom i lavinntektsfamilier (2020–2023) [“Like muligheter i oppveksten”](#)
- Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken (2021-2024) [“Alle trenger et trygt hjem”](#)
- NAV rapport 4-20: [Lavinntekt og levekår](#)



7. Frivillighet og kultur

Kultur er eit område med breitt omfang som skal ha plass i mange ulike uttrykk. Kulturlivet skal vere mangfaldig, sterkt og uavhengig. Kultur utvidar vår forståing av oss sjølv og samfunnet vi lever i. Det er stor bredde og rikt mangfald og kulturlivet gir livskvalitet, både til den som skapar den og dei som eksponerast for den.

Kulturlivet skal vere relevant og representativt for heile befolkninga og medverke til at enkeltmenneska får fridom og høve til å uttrykkje seg. Noreg skal vere eit land der alle kan lykkast, same kva bakgrunn dei har. Kulturpolitikken må medverke aktivt til dette og fremje kunstnarisk kvalitet og autonomi. [Meld. St. 8 \(2018–2019\) Kulturens kraft- kulturpolitikk for framtida.](#)


Det norske samfunnet har eit unikt mangfald av frivillige lag og organisasjonar som har ei stor rolle i kulturlivet. Noreg er på verdstoppen i frivillig arbeid og Møre og Romsdal har ein sterk og levande frivillig sektor som bidreg med store verdiar. Den er samfunnsbyggjande og omfattar så godt som alle samfunnsområde. Den skapar arenaer for deltaking, engasjement, fellesskap, inkludering, trivsel, meistring, kulturell- og demokratisk innsikt. Dette er viktige faktorar for å halde ved like eit godt lokalmiljø og velfungerande sosiale nettverk.

Frivillige lag og organisasjonar er viktige brikker og samarbeidspartar for det offentlege på mange felt. Dei gjer ein innsats som må støttast og sikrast gjennom forpliktande avtalar med det offentlege. Dei sørger for arrangement lokalt, regionalt og nasjonalt.

Auka deltaking i frivillige organisasjonar og frivillig arbeid, er eit overordna frivilligheitspolitisk mål. Høg frivillig deltaking er avgjerande for den tilliten vi har i samfunnet vårt. Deltaking i frivillig aktivitet hindrar utanforskap og fremmar inkludering og organisasjonane er dei beste skolane i demokrati. Frivillig innsats er ein heilt avgjerande del av den norske beredskapsmodellen, den bidreg til å sikre den felles kulturarven vår. Frivillig innsats er viktig for å sikre folkehelsa. Samarbeid mellom det offentlege og det frivillige bidreg til utviklinga av samfunnet. Det gir høgare aktivitet, trygghet og berekraft.




Har kommunen etablert eit formelt forum for samarbeid/møte mellom frivillige organisasjonar og kommunen? (N=14)



Her svarar 64 prosent av kommunane at dei har eit formelt forum for samarbeid der kommunen og frivilligheita møtast. 36 prosent svarar at dei ikkje har det.

Samarbeid på alle nivå er viktig for å skape gode tilbud for dei som bur i ein kommune. Møteplassar og kontaktpunkt mellom det offentlege, næringslivet og frivilligheita bidreg til brei involvering.

Har kommunen økonomiske ordningar for frivillige organisasjonar? (N=14)




På dette spørsmålet var det fleire svaralternativ. Alle kommunane som har svart i undersøkinga seier at dei har kulturmidlar. Dette er som oftast midlar som har som føremål å støtte opp om kulturarbeidet som vert drive av frivillige lag, organisasjonar og einskildpersonar i kommunen. 93 prosent har driftstilskot til lokalar/anlegg og 72 prosent svarar at dei bidreg med arrangementstøtte og gratis hall leige. Dette kan vere gode verkemiddel for å kunne sette ned pris på arrangement og aktivitetar, noko



som kan bidra til at fleire kan delta. 57 prosent av kommunane i undersøkinga gir stønad til ordinær drift.

Andre stønadsordningar som kommunane har og som dei legg spesiell vekt på i kommentarfeltet er; gratis leige/redusert hall leige, eller leige av lokalar for barn og unge. I tillegg er fleire involvert i utbygging av anlegg og vedlikehald av leikeplassar. Kommunane er også opptekne av nærmiljø og friluftstiltak.

Har kommunen skriftlege samarbeidsavtalar med frivillig sektor? (N=14)




64 prosent av kommunane som har svart har skriftleg avtale med idrettsrådet i kommunen. 23 prosent har avtale med musikkråd og 1 kommune har skriftleg samarbeidsavtale med aktivitetsråd.

I undersøkinga kunne kommunane òg kommentere om dei har andre former for samarbeidsavtaler. I svara kom det fram at dei har avtalar med helselag, klatreklubb og idrettslag. Ein kommune har sekretærfunksjon for idrettsråd og musikkråd, det same gjeld for Friluftsrådet i kommunen. I ein kommune heiter musikkrådet «Kulturråd». Ein kommune har skriftleg avtale om bruk av idrettslaget sitt uteanlegg.




Har kommunen frivilligsentral? (N=14)



86 prosent av kommunane svarta at dei har ein frivilligsentral. Gjennom frivilligsentralar kan kommune samordne og organisere frivilligheita på ein god måte. Frivilligsentralen er ein lokalt forankra møteplass drifta ut frå lokale forutsetningar og behov. Den initierer, mobiliserer og samordnar lokal frivillig innsats i eit samarbeid mellom frivillige eldsjeler, lag/foreiningar og det offentlege. Frivilligsentralen er open for alle, og jobbar for å inkludere alle som har lyst til å delta i ulike former for frivillig arbeid.

I Møre og Romsdal er det 28 Frivilligsentralar totalt. Det vil si at etter kommunereforma vart innført er det i dag fleire frivilligsentralar i same kommune. Det kjem ikkje fram av undersøkinga kor mange som finnes i den einkilde kommune.

Har kommunen oppretta ein "utlånsentral for fritidsutstyr"? (N=14)



Utlåns- eller utstyrssentralar er i følgje Bufdir eit lågterskeltilbod som låner ut utstyr for å redusere økonomiske barrierar for deltaking i fritidsaktivitetar. I Møre og Romsdal har 64 prosent av kommunane i undersøkinga oppretta ein slik utlånsentral, i tillegg er det fleire kommunar som kommentera at biblioteka har utsyr til utlån; jf. spørsmål side 34. Det same gjeld for frivilligsentralar som og tilbyr utlån av utstyr i nokre kommunar.




Bibliotek

Biblioteksystemet i Noreg omfattar folke- og fylkesbibliotek, skolebibliotek, offentlege og private fag- og forskingsbibliotek, Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek og Nasjonalbiblioteket. Kommunane har ansvar for folkebibliotek og skolebibliotek.

I undersøkinga var det stilt spørsmålet: **Korleis biblioteket(a) samarbeider med andre aktørar for å gi tilbud til alle innbyggjarar?** Kommunane har svart på dette spørsmålet i fritekst og dei har mange gode tilbud for sine innbyggjarar. I fleire kommunar har biblioteka samarbeid med festivalar om arrangement og fleire kommunar har samarbeid med skular og barnehagar om besøk og lese-lyst prosjekt. Ein kommune har etablert eit tilbud om lese-venar på institusjon og fleire tilbyr lokalar som lag og foreiningar i kommunen kan leige. Biblioteket kan nyttast til alt frå kulturopplevingar til ulike møter, det kan vere ein møteplass for ungdom, for menneske med minoritetsbakgrunn, språkcafé, digital opplæring med meir. Fleire kommunar kommenterer at biblioteket vidareformidlar fritidsutstyr og anna utstyr til dei som bur i kommunen.

Har kommunen eigne mål for kva ein ønskjer å oppnå med UKM (Ung kultur møtes)? (N=14)



På dette spørsmålet svarar fleirtalet av kommunane at dei ikkje har eigne mål for kva ein ønskjer å oppnå med UKM, dette gjeld 71 prosent av kommunane. 29 prosent svarar at dei har mål for sitt UKM arbeid.

UKM stå for «Ung kultur møtes» og UKM jobbar for å fremje og utvikle ung kultur over hele landet. UKM finansierast av det offentlege, og finnes både lokalt, regionalt og nasjonalt. Det viktigaste for UKM, er å bidra til at ung kultur får større plass i lokalsamfunnet. Dei arrangerer årlege mønstringar og fylkesfestivalar, i tillegg til heilårig aktivitet som turnear, Workshops og andre arrangement i samarbeid med andre. (<https://org.ukm.no/>)

Kommunane blei spurt om dei hadde utfyllande kommentarar til temaet "frivilligheit og kultur" og fleire kommenterer på det. Vi fekk følgjande svar:



- Kommunen har ikkje definert eigne mål, men satsar mykje på UKM der brukarmedverknad har stort fokus.
- Vi jobber med å systematisere samarbeidet mellom frivillheten og kommunen.
- Det er satt ned et politisk arbeidsutvalg for å se på hvordan innbyggerne selv kan ta ansvar for nærlekeklassen."
- Kulturplanen skal reviderast i år, og vi vil få UKM og andre kulturområder meir tydeleg inn i planarbeidet. Vi har etablert eit aktivitetstorg/kalender Friskus for å gi innbyggerane ein betre oversikt over alle frivillige organisasjonar og aktivitetar, dette foregår i godt samarbeid med frivilligheita.

Tilråding:

I følge [Meld. St. 10 \(2018-2019\) Frivilligheita - sterk, sjølvstendig, mangfaldig](#) har regjeringa fire frivilligheitspolitiske mål som er grunnlag for prioriteringane regjeringa gjer. Frivilligheitspolitisk mål nr. 4 handlar om ein samordna frivilligheitspolitikk, at frivilligheita blir høyrd og får ein plass rundt bordet. Eit godt samspel med offentlege styresmakter skal byggje opp under frivillig aktivitet. Frivilligheitspolitikken er eit ansvar på tvers av sektorar og fagdepartement.

Skriftlege samarbeidsavtalar mellom kommunen og det frivillige organisasjonslivet er viktig. Slike avtalar er med på å skape ei felles forståing og er viktig i forhold til ansvarsfordeling knytt til kven som gjer kva i ein kommune. I tillegg skapar det gjensidig forplikting mellom partane. I rapporten *Inkludering av frivillig innsats i kommunalt folkehelsearbeid* (Møreforskning, 2021), finn ein følgjande tilrådingar:

- Lag tydelige og konkrete samarbeidsavtalar som følges opp
- Praktiser aktiv oppfølging av frivilligheten med involvering og dialog
- Skap forutsigbarhet og stabilitet i kommunikasjon, informasjonsflyt og økonomiske tilskudd

Utlånsentralar bidreg til at det blir mogleg for fleire å prøve ut aktivitetar utan å måtte kjøpe utstyret først. Fleire får prøve ut nye aktivitetar og fleire kan til dømes delta på skidagar, sykkel og skøyte dagar i skolen.

Relevante lenker og litteratur:

- [Inkludering av frivillig innsats i kommunalt folkehelsearbeid](#). Møreforskning (2021).
- [Kulturens kraft- kulturpolitikk for framtida](#). Meld. St. 8 (2018–2019).
- [Frivilligheita - sterk, sjølvstendig, mangfaldig](#). Meld. St. 10 (2018-2019).
- [Om bibliotek](#) (Kulturdepartementet, regjeringa.no)
- [Om Frivillighetssentraler](#) (frivilligsentral.no)